

Viser til møte mellom Alver Kommune, utbygger, Ansvarlig søkar Tyark og utbygger sin rådgjevar Cowi.

Under kjem kommunen med sine tilbakemeldingar på gjennomgåtte moment i møtet:

- **Ledningar lagt under bygg.** I møte og i brev fra Cowi 30.09, blir det uttalt at denne løysinga er i samsvar med standard abonnementsvilkår. Dette har Alver kommune sagt seg ueinig i. Etter møte har kommunen hatt ein dialog med omegnskommunane og Bergen kommune for å avklare om Alver kommune har ei anna oppfatning av regelverket enn dei øvrige. Etter gjennomgang ser vi at Alver Kommune har samme oppfatning av denne saka som dei andre kommunane.

Bergen kommune viser også til at det står følgande i Tek 17. 15-7 Tredje ledd bokstav a:  
*«Dersom vannledningar legges under byggverk og bygningar, må de legges i varerør, kulvert eller tilsvarende.»*

- **Felles avløpsledning under bygg.** Dersom dette er utført, slik det vert vist på innsendt dokumentasjon, går kommunen ut frå at kvar enkelt avstikk på avløpsledning er sikra med tilbakeslagssikring. Kommunen bed om dokumentasjon på dette.
- **Utvendig stoppekran.** Alver kommune tolkar regelverket likt som omegnskommunane. Det skal vere utvendig stoppekrav til kvar bueining.

Kommunen viser for øvrig til tidlegare korrespondanse, blant anna når det gjeld merking av stikkledningar med Gbnr i kum. Alver kommune har ikkje fått framlagt detaljteikningar VK som det vert vist til i mailkorrespondanse med tidlegare Meland kommune.

- **Plassering av hovud-VL og SP og PSP + felles privat VL ved hus 29/31.** Dersom trase er korrekt i forhold til innsendt dokumentasjon, må denne flyttast og målast inn på nytt.
- **Leidning under byggverk.** I forbindelse med at Plan, byggesak og teknisk forvaltning var på synfaring i Elvaåsen 21.12.-20., registrerte vi at det er lagt opp gråsteinsmur på Brn 611. under muren, ligg avløpsledning som går mot Brn 590, og vatn og avløp til Brn 611-612-613 og 614. Her må ein finne ei alternativ løysing for vatn og avløpsledningar.
- **Veg.**

Visar til felles synfaring 21. Desember, og synfaring 15. Juni med Boligbygg Vest (ref. 20/11627 – 20/36063)

Vegavdelinga har følgande tilbakemeldingar for o\_KV01:

- Siste del av vegen, fram mot avkøyring til Elvaåsen (f\_KV08), framstår i dag som særskilt dårleg. Vegen er i ferd med å bryte heilt saman, med store slaghol og setningar, og er i mykje dårlegare stand enn for berre 5 månader sidan. Vegen må difor masseutskiftast med nytt dekke.
- Vegen er heller ikkje utvida til 5m breidd, som vist i reguleringsplanen. Om vegen skal ha smalare breidd, må det evt dispenserast for dette gjennom byggesak.
- For at vegen skal verte drifta forsvarleg vinterstid, må det vere moglegheit for snøopplag i enden av vegen (forbi avkøyring til f\_KV08).

- I tillegg er knausen som står att i krysset noko siktreduserande ut frå f\_KV08.
- Vi kan heller ikkje sjå at det er gjort noko utbetringar for overvannsanlegget i krysset ved f\_KV03. Her er det, og vil i framtida være eit overvannsproblem, då kjeftesluken i vegen ikkje er kopla til overvannsanlegget.

Vegavdelinga tilrår ikkje å overta vegen, sånn som han framstår per i dag.

Heile va anlegget må sjekkast opp mot sosi fil som er levert, då det kan sjå ut som at det er ein del som ikkje er korrekt

Når nødvendige utbetringar er utført, må utbygger/ansvarlig søker, kalle inn til ferdigbefaring med kommunen.

Alver kommune kan ikkje godkjenne eller overta anlegget før utbetringane som er lista opp over er utførte.

